

Vurdering av merknader for Nordre avkøyring til Sveio sentrum

Nr.	Part	Oppsummering av merknad	Forslagsstillars kommentar
1	Fylkesmannen i Hordaland	Ingen merknader	Tas til orientering
2	Ruben Osnes Angelica Osnes Amelia Møller Fosstveit Viljar Møller Fosstveit Iselin Møller Hegre Jon Tore Fosstveit Sigmund Eikemo Malvin Eikemo Mattea Kalliainen Malin Ingeborg Kalliainen Kristoffer–Andre Kalliainen Mona Eikemo Svein Magne Eikemo	<p>– Ønsker at det vert etablert undergang eller annan konfliktfri kryssing av fv. 47 for gåande frå Solstadvegen, dette spesielt av omsyn til barn og deira manglande forståing av trafikken i eit kryssområde.</p> <p>– Det skal opparbeidast sti mellom Solstadvegen og sti langs Bjellandselva. Dette vil gjere området meir attraktivt som friluftsområde og gje eit enda større behov for trygg gangveg til området.</p> <p>– Mannavatnet vert nytta av innbyggjarane i Sveio til rekreasjonsområde, særskild om vinteren når vatnet er islagd. Dette medfører problem med at biler parkerer i vegbana og hindrar tilkomst til busetnaden. Det vert foreslått å etablere parkeringsplass i området eller trygg gangveg, slik at parkering i sentrum kan nyttast.</p> <p>– Kritisk til foreslått løysing med kryssing i plan over ein veg med 80 km/t. Vurderer dette som ein trafikkfarleg løysing. Meiner at ny løysing er meir trafikkfarleg enn dagens da fylkesvegen ved kryssingspunktet vert breiare. Påpeiker at søknad om utbygging i området er stansa på grunn av for dårleg trafikktryggleik for mjuke trafikantar.</p> <p>– Ønsker at det vert etablert busshaldeplass i kryssområdet for å redusere behovet for kryssing av fylkesvegen.</p> <p>– Ønsker at alle mjuke trafikantar vert ivaretatt, både frå Solstad og Bjelland, i både byggjefasen og i ferdig kryssområde.</p>	<p>– Foreslått løysing for gåande og syklende til Solstadvegen er ikkje ein fullverdig trafikktrygg løysing i området, og er meir ein tilpassing av eksisterande situasjon. Einaste fullverdige trafikktrygge løysing er undergang eller bru, men det er utanfor dei finansielle rammene til prosjektet. Det er mogleg å nytte undergang ved Mannaberg, sjølv om dette er ein omveg til skule og idrettsanlegg.</p> <p>– Tas til orientering, sjå elles punktet over.</p> <p>– Parkering til Mannavatnet er ikkje ein del av Statens vegvesen sitt ansvarsområde. Dei tidlegare busshaldeplassane i krysset vert tidvis nytta til parkering, noko som vert fjerna av dette prosjektet. Desse areala er ikkje tiltenkt nytta til parkering i utgangspunktet og vil dermed ikkje erstattast. Ein eventuell parkering i samband med Solstadvegen må løysast gjennom private eller kommunale initiativ.</p> <p>– Kryssing i plan over veg med 80-sone er ikkje ønskeleg, men er dessverre tilhøve mange stader. Det er lagt inn avbøtande tiltak ved at ein legg til rette for mogleg kryssing aust for venstresvingefeltet til Solstad. Her er vegen noko smalare, ein kan nytte midtfelt om naudsynt og ein vert kopla rett til gang- og sykkelveg mot Bjelland og slepp å gå i vegbana i Sveiogata. Dette løyser ikkje hovudproblemet, men er tiltak som gjer at situasjonen ikkje vert forverra samanlikna med dagens løysing.</p> <p>– Statens vegvesen støttar seg til Skyss si vurdering av at det ikkje er naudsynt med ein busshaldeplass i området, da haldeplassavstanden mellom Bjelland og Sveio skule er i tråd</p>

			<p>med ønska avstand. Det er også svært utfordrande å etablere austgåande haldeplass av omsyn til Mannavatnet naturreservat.</p> <p>– Alle mjuke trafikantar vert tatt omsyn til i planlegging og bygging. Det er dessverre ikkje finansielle rammar til å løyse dei utfordringane som mjuke trafikantar har til og frå Solstadvegen i dag. Sjå elles først punkt</p>
3	<p>Asle G. Halleraker John Kristian Økland Ingrid Furdal Thomas Johan Brekke Jofrid Valen Line Bertelsen Torill Nummedal Halleraker</p>	<p>Foreslår og argumenterer for ny veg til skulen og idrettsanlegget aust for kunstgrasbanen som vert knytt til fv. 6 ved krysset med fv 47.</p>	<p>Foreslått kryss med fv. 6 vert i for lita avstand til krysset med fv. 47 og må difor flyttast vestover. Ein slik forskyving gjer at løysinga i liten grad vil være knytt til kryssområdet mellom fv. 6 og fv. 47. Tilkomsten til skule og idrettsanlegg er primært eit kommunalt ansvar og kommunen må sjølv vurdere om dette skal vurderast som eit eige kommunalt vegprosjekt.</p>
4	<p>Gnr. 40 Bnr. 1</p>	<p>– Ønsker at planen vert sett i samanheng med plan for Vikingland – Bør tas omsyn til ønske om utbygging av byggjefelt sør for fv. 47. Dette vil underbygge behovet for ein trygg kryssing av vegen for mjuke trafikantar. Tilrettelegging for utbygging i området vil gje økte inntekter for kommunen som vil forsvare investeringa. – Ønsker at det etablerast busshaldeplass i begge retningar i kryssområdet. – Ønsker at det etablerast av- og påkjøringsfelt i begge retningar.</p>	<p>– Prosjektet er eit mindre trafikktryggleikstiltak og større strukturelle endringar av vegsystemet må løysast i større planarbeid. – Ei større utbygging på Solstad vil utløyse ei større endring i infrastrukturen til området, og vil måtte løysast som ei eiga reguleringsplan for byggjefeltet. Sjå elles til merknad 2 for kommentar om gangbru. – Sjå merknad 2 – Venstre- og høgresvingefelt mot Sveio sentrum er utforma etter dei krava som er stilt til slike felt. Mot Solstadvegen er det ikkje krav til verken venstre- eller høgresvingefelt, men det er teikna inn eit venstresvingefelt, då det var tilstrekkeleg bredde til dette i vegbana. Akslerasjonsfelt vert primært nytta i planskilde kryss og ikkje i T-kryss, og det vil her verte svært langeakslerasjonsfelt (>200m) som ein ikkje kan forsvare kostnaden for.</p>

5	Harald Emil Larsen	Usikker på regulering LNFR og kva restriksjonar som vert satt på eigedommen og kven som skal dekke eit eventuelt verditap.	LNFR er den regulering eigedommen har i dag, og er dermed ingen endring av reguleringa. Det vert lagt ein restriksjon på eigedommen ved at mellombels anleggsområde på deler av eigedommen. Dette gjer Statens vegvesen og kommunen moglegheit til å nytta dei deler av eigedommen som er markert til anleggsområde og mellombels vegomlegging. I den tida Statens vegvesen eventuelt nyttar arealet vil det verte betalt leige for arealet.
---	--------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------